



UNIVERSITETET I OSLO

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

Forskningsrådgivar

Om stillinga

Ei stilling som rådgivar (SKO 1434) er ledig ved Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk (IFIKK). Stillinga er eit vikariat med moglegheit for fast tilsetjing.

IFIKK er eit institutt med eit aktivt forskingsmiljø med høg søknadsaktivitet og ei fagleg brei prosjektportefølje, inkludert fem ERC-prosjekt. Instituttet har vore i sterk vekst og får eit stadig meir internasjonalt miljø.

Vi er i ferd med å bygge eit team på inntil fire personar som skal vere instituttet si gruppe for forskarstøtte. Teamet vil bestå av to rådgivarar og to forskingskonsulentar. Forskarstøtta samarbeider tett med våre forskarar i alle fasar av eit forskingsprosjekt. Samarbeid med prosjektøkonom, forskningsrådgivarar i fakultetsadministrasjonen, EU-rådgivarar og juristar ved UiO er også ein del av ein hektisk, men spennande kvardag. Kompetansebygging står i fokus, blant anna ved deltaking i HF-fakultetet sitt forskingsadministrative nettverk FANE.

Vi søker deg som har erfaring med administrasjon av eksterntfinansierte forskingsprosjekt og som ønsker å utvikle eigen kompetanse innanfor feltet. Du er god til å samarbeide med forskarar og administrative kollegaer, og trivst med teamarbeid som ein del av arbeidskvardagen.

Arbeidsoppgåver

- rådgiving knytta til finansieringsmoglegheiter og bistand ved utvikling av prosjekt og søknadar, primært retta mot EU sitt rammeprogram og Forskningsrådet
- rådgiving i forbindelse med drift av forskingsprosjekt, herunder avtalar, revidering, rapportering, datahandtering, tilsetjingar, forskningsetikk og åpen forskning
- oppfølging av prosjektaktivitetar (konferansar, gjesteforskarar, workshops, osv)

Det kan òg bli lagt andre oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonskrav

- utdanning frå universitet eller høgskole, minimum tilsvarande mastergrad. Dokumentert relevant realkompetanse kan erstatte utdanningskravet
- relevant erfaring frå forskingsadministrasjon, inkludert prosjektsøknadar til Forskningsrådet og/eller EU, administrasjon og drift av forskingsprosjekt
- gode IT-kunnskapar tilpassa funksjonane i stillinga
- erfaring med sjølvstendig og kompleks saksbehandling
- svært god framstillingsevne på norsk og engelsk

Det er ein fordel med:

- kjennskap til forskningsetiske problemstillingar, personvern og datahandtering
- kjennskap til humanistisk forskning

Vi ser etter søkarar som

- trivst med å jobbe i team og er god på kommunikasjon
- har gjennomføringskraft
- klar til å handtere fleire prosessar samtidig

Vi tilbyr

- lønn frå kr 534 900 til kr 636 700 per år, avhengig av kompetanse
- eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- god pensjonsordning i [Statens Pensjonskasse](#)
- stilling i ei IA-verksemd, [gode velferdsordningar](#) og høve til trening i arbeidstida

Søknaden skal innehalde

- søknadsbrev
- CV
- Evt. andre vedlegg

Søknad med vedlegg må sendast inn via rekrutteringssystemet vårt, Jobbnorge.

Andre opplysningar

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysningar om søkeren bli offentleggjort sjølv om søkeren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkerlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har en [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnsamansetting og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

I tillegg ønsker UiO at medarbeidarane i størst mogleg grad speglar mangfoldet i befolkninga. Vi oppfordrar derfor kvalifiserte søkarar med redusert funksjonsevne til å søke stillinga. Som IA-bedrift vil vi legge til rette for medarbeidarar med nedsett funksjonsevne.

Kontaktinformasjon

Administrativ leiar [Karen Haugland](#)

Personalkonsulent [Anders Rykke](#)

Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk består av fire faggrupper: Filosofi, idéhistorie, kunsthistorie og klassiske språk (gresk og latin). Instituttet er også ansvarleg for examen philosophicum ved UiO. IFIKK har rundt 110 tilsette.

Jobbnorge-ID: 239181, Søknadsfrist: 23. februar 2023